



Arne Moldreheim  
Bjørndalsskogen 174  
5170 BJØRNDALSTRÆ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/979 - 16/10462

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
30.05.2016

## Godkjenning - utslepp til minireinseanlegg frå ein fritidsbustad på gbnr 48/8 på Skurtveit.

**Administrativt vedtak. Saknr: 155/2016**

**Tiltakshavar :** Arne Moldrheim  
**Søknadstype:** Søknad om utslepp frå ein fritidsbustad

### **Saksutgreiing:**

Det er i søknad, journalført 12.04.2016, og supplerande dokumentasjon, journalført 06.05.2016, søkt om utslepp, 4 pe, frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 48/8 på Skurtveit. I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk /kjemisk minireinseanlegg. Reinseanlegget skal plasserast på naboeigedomen gbnr 48/32 og reinsa avlaupsvatn skal førast til terreng på same eigedom. Det ligg føre naudsynt erklæring som gjev eigedomen gbnr 48/8 rett til dette.

Eigedomen har i dag biologisk toalett og er tilknytt det kommunale vassverket.

### Nabovarsling:

Tiltaket var nabovarsla 31.07.2015 i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen har i kommuneplanen for Meland status som LNF-spreidd fritidsbustad. Tiltaket er ikkje i strid føremålet.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløysing som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og arbeidet må ikkje setjast i gong før naudsynt løysing ligg føre.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløysing frå ein fritidsbustad, 4 pe, på gbnr 48/8, i samsvar med søknad journalført 12.04.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 06.05.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg med etterpolering, der reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng på naboeigedomen.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Arbeidet må ikkje setjast i gong før naudsynt løysing ligg føre.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

### Bortfall av løysing:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løysing er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
Utslepp 48-8

**Mottakere:**

Arne Moldreheim

Bjørndalsskogen 5170  
174

BJØRNDALSTRÆ